

# KOMMUNALE FORSKRIFTER TIL OPPLÆRINGSLOVA GJELDANDE FOR SELJORD KOMMUNE

## 1. OMFANGET AV GRUNNSKULEOPPLÆRING I TID (SKULERUTE)

(Opplæringslova § 2-2, fjerde ledd)

- Skuleruta for Seljord kommune vert samordna med skuleruta for vidaregåande opplæring.
- Skuleruta for elevane skal i hovudsak bestå av heile veker.
- Eventuelle enkeltfridagar for elevane i løpet av året skal leggjast inntil fridagar knytta til helg eller høgtid.
- Haustferien skal for elevane vere på inntil ei veke og vinterferien på ei veke.
- Elevane i Seljord har fri på Dyrskufredagen.
- Årleg vedtak om skulerute vert gjort av administrasjonen etter drøftingar med dei hovudtillitsvalde innan 1. mars.

## 2. MÅLFORMER I GRUNNSKULEN

(Opplæringslova § 2-5, første ledd)

Grunnskuleelevane i Seljord kommune skal ha nynorsk som hovudmål.

## 3. ORDENSREGLEMENT

(Opplæringslova § 2-9, første ledd)

- Samarbeidsutvalet ved kvar skule vedtek ordensreglement for skulen der mellom anna føresetnadane nedanfor er innarbeidde.
- Ordensreglementet skal ha med forhold som motiverer til auka trivsel og gode samversformer mellom elevane, og mellom elevane og dei som elles deltar i skulesamfunnet.
- Ordensreglementet skal ha med reglar om rettar og plikter for elevane ved skulen.
- Ordensreglementet skal ha med forbod om bruk av tobakk og rusmidlar.
- Ordensreglementet skal ha med retningslinjer for kommunikasjon mellom skulen og heimen.
- Det skal gå fram av ordensreglementet kva refsingstiltak som skal kunne nyttast, og kva prosedyre som skal følgjast ved iverksetjing av refsingstiltak. Tiltak som ikkje er tatt med i ordensreglementet, kan ikkje brukast.
- Ordensreglementet skal drøftast i rådsorgana ved skulen kvart år, og i tillegg gjerast kjent for elevane og foreldra.

#### **4. SKULEN (KRINSGRENSER)**

(Opplæringslova § 8-1, første ledd)

- Seljord grunnskule er inndelt i tre skulekrinsar: Seljord, Flatdal og Åmotsdal. Kommunen har ein skule for elevane på 8.-10. klasseteg: Seljord ungdomsskule.
- Elevane på barnetrinnet har rett til å gå på den skulen dei soknar til, som også vil vere den skulen som ligg nærast. Retten gjeld også for elevar med behov for spesialundervisning.
- Punktet ovanfor medfører at:
  - Elevar frå Åmotsdal og Dyrlandsdalen går på Åmotsdal skule.
  - Elevar frå Langlim, Mandal, Svartdal og Flatdal går på Flatdal skule.
  - Elevar frå resten av kommunen, frå og med Aarhus og sørover, går på Seljord barneskule.
- Dersom ein elev etter søknad har fått plass ved ein annan skule enn den eleven soknar til, har eleven ikkje rett på skuleskyss, dersom det ikkje er særskilde spesialpedagogiske eller faglege grunnar for søknaden, eller at tiltaket er iverksett i samsvar med tredje ledd i § 8-1.